

Saka om oppdrettsanlegget ved Skorpo utsett

15.02.2007



Knut Prestnes (Sp) og Synnøve Solbakken (Ap) under drøftinga om havbruksnæringa i formannskapet torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Med knappast mogeleg fleirtal (ordførarens dobbeltrøyst) har formannskapet utsett handsaminga to saker som gjeld oppdrettsanlegg: Flytting og utviding av Sjøtrolls anlegg utanfor Skorpo og prosjektet til Alsaker Fjordbruk i Ølve. Men politikarane ynskjer uansett at det skal utarbeidast ei analyse av avkastningen (ringverknadane) av havbruksnæringa i Kvinnherad. Dette var i tråd med framlegget frå rådmannen, men han gjekk også inn for å seia ja til dei to prosjekta først.

- Kvinnherad er ein stor bidragsytar til denne næringa, som er i vekst. Vi bør få noko meir att for bruken av fjordane våre. Avkastning og ringverknader er marginale og eg stiller same spørsmålet ein gong til: Kan vi stilla krav om større avkastning, sa Knut Prestnes (Sp) i formannskapet.

Anne Beth Enes (Uavhengig Sentrum):- Der eg kjem frå i kommunen har vi mange gode arbeidsplassar i denne næringa. Men det er på tide at vi som stor vertskommune tek skikkeleg tak i ho og spør kva vi får att.

Elisabeth Eide Tharaldsen (FrP) stilte spørsmål om kva ein analyse skulle omfatta. Ho syntes også lite om den planlagde utvidinga utanfor Skorpo fordi ho mente at det blir meir avfall der.
Synnøve Solbakken (Ap) var i mot utsetting av desse sakene. Ho viste til at dette er ei veksande næring med mange viktige arbeidsplassar.

Ingrid Skeie (H) peika på at det ikkje blir så stor endring i volum ved samanslåinga av dei to anlegga utanfor Skorpo. Men ho var for utsetting av både sakane til analysa er klår.

Varaordførar Otto Benjaminson (KrF) meinte det var nyttig å få ein gjennomgang av dei utfordringane som ligg i denne næringa med sikte på å tilføra lokalsamfunnet meir av gevinsten. Han var ikkje redd for auka forureining utanfor Skorpo fordi dette gjeld organisk materiale som er naturleg. Dessutan aukar ikkje den samla biomasse utanfor Skorpo, fordi det som skjer er at to anlegg blir slege saman. Anlegget blir også lagd lenger frå land. Men

det er samla sett stor aktivitet i fjorden no og det er viktig å finna grensen for den totale resipientmengde, meinte han.

Rådmannen hadde denne betraktinga:

- Begrunnelsen for at fleire her ynskjer utsetting er uro eller usikkerheit om ringverknader og arbeidsplassar. Vi har erfaring frå krafhnæringa der det er inngått friviljuge avtalar med næringslivet. Kan dette vera ein veg å gå også med havbruksnæringa? Vi kan komma saman og finne ut meir om våre felles interesser og korleis vi kan samarbeide. Kanskje bør vi velja ein slik friviljug veg først?

Prestnes tykte at rådmannen her kom med eit positivt utspel. Ein friviljug veg kan vera klok, men ein politisk diskusjon om sakar bør likevel ikkje vera negativ.

- Her ligg det an til parallel jobbing, sa han.

Av Ola Matti Mathisen



Ordførar Bjarne Berge (Tverrpolitisk Samlingsliste) og varaordførar Otto Benjaminson (KrF) ynskjer som dei andre politikarane ein oversikt over kva havbruksnæringa betyr for Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)